



Stort & Smått

Organ for Velledalen IL – nr 2,2009

Hilde til ungdomsmeisterskapen. Komande helg vert ungdomsmeisterskapen (NM for yngre) arrangert i Stange i Hedmark. Så vidt vi veit har Velledalen IL aldri tidlegare vore representert her. Men til helga skjer det. Hilde Riksheim Tandstad deltek i lengdehopp og 800 meter. Hilde går vidaregåande skule på Tingvoll, og ho reiser saman med Tingvoll-gjengen.

- Eg har ikkje så store forventningar i høve til plasseringar, men håper å prestere opp mot mitt beste – og vel så det, seier Hilde som siste tida har vore plaga med beinhinnene til Stort&Smått. Nettsida www.velledalen.net vil fylgje opp innsatsen til Hilde i helga.

For brått på. Fjellsæterrunden vert arrangert 22.februar. Dersom du har ei kjensle av at det rennet kjem litt brått på kroppen din, er det heller ikkje å forakte med ein forntopp 10.april. Då vert Det Store Folkerennet arrangert – eit renn der serveringa på matstasjonen er like viktig som farta i løypa, opplyser Svein Arne Nakken i VIL si langrennsgruppe.

Resultat frå innandørs-KM friidrett. Arrangert på Tingvoll 18.januar

40 meter J 16-17 år. Finale.

1. Siv Krakeli Sneen, Eide IL (1992)	5.88
2. Renate Grimstad, Dimna IL (1992)	5.98
3. Aina Opsal Bakke, Ørsta IL (1993)	6.10
4. Ellen Marie Hole, VIL (1993)	6.14

800 meter J 16-17 år

1. Hilde Riksheim Tandstad, VIL,	2.54.37
2. Astri Hasund Thorseth, Dimna IL,	3.13.75

Lengde J 16-17 år

1. Siv Krakeli Sneen, Eide IL,	4.94
2. Aina Opsal Bakke, Ørsta IL,	4.79
3. Ane Tveiten Øien, Eide IL,	4.71
4. Renate Grimstad, Dimna IL,	4.65
5 Hilde Riksheim Tandstad, VIL,	4.48
6. Maren Nordang, Ørsta IL	4.46
7. Ellen Marie Hole, VIL	4.41
8. Julie Rånes, Tingvoll IL	4.29
9. Thea Sørvik, Tingvoll IL	4.18

Trim/idrettsskule – vekeplan

Måndagar: Badminton Velledalen gr.hus klokka 20.00 (kontaktperson Carol Brunvær)

Tysdagar: Ungdomstrim Velledalen gr.hus kl.18.30 (kontaktperson Robin Brunstad)

Dametric Velledalen gr.hus kl.20.00 (kontaktperson Monica Hole)

Onsdagar: Idrettsskule, tre grupper 17.00-20.00 (kontaktperson Gunn Tove B. Skylstad)

Herretrim velledalen gr.hus klokka 20.00 (kontaktperson Åge Vanebo)

Ekstraordinært årsmøte. Vert halde i Velledalen grendahus tysdag 3. februar klokka 20.00

Saker: 1) Reknskap. 2) Årsmelding frå friidrettsgruppa 3) oppretting av ny gruppe (snøbrett)

Alle velkomne

Lov å lure.

Menneske er ulike – også lokalpolitikarane. Og det finst alltid gode og mindre gode saker ein kan slost for. Vi merkar oss at fleirtalet i Sykkylven kommunestyre meiner alkoholserving på Fjellsætra på

dag- og kveldstid er ei god sak. Så god at dei vil ha det. Vi undrar oss på om desse personane vil ligge på knea sine og rydde krattskog når ei verkeleg god sak kjem på sakskartet. Vi tenkjer på den etterlengta lysløypa. Beint fram eit helsefremjande tiltak for born, vaksne og eldre. Eit anlegg som vil vere ei sælebot for det breie lag av folket i langt større omfang enn eksempelvis kunstgrasbana – for ikkje å snakke om ein skjenkestad i eit idrettsanlegg.

No må politikarane vise handlekraft i staden for å toe sine hender og stampe i sirup til langt oppå knea for den gode saka., med mindre dei ynskjer at politikarforakta skal bli sterkare enn den alt er.



This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.